



**DEN NORSKE KYRKJA**  
**Klepp sokneråd**

Kleppevarden 2  
Postboks 101  
4358 KLEPPE  
[klepp.sokneraad@klepp-kirken.no](mailto:klepp.sokneraad@klepp-kirken.no)  
[www.kleppkyrkje.no](http://www.kleppkyrkje.no)  
Kontonr. 3290.07.71265  
Org.nr. 976 993 551

**Møtebok.**

Frå kl 19:30 til 22:00 Møtedato: 26.08.2015

Frå saksnummer: 60/15 Til saksnummer: 67/15	Møtestad: Klepp kyrkje, Menighetssalen
Av utvalet sine medlemmar/ varamedlemmar møtte:	
Medlemmer:	Maria Friestad Bergseth Sikkeland (leiar) Ivar Slettebø (nestleiar) Andreas Haarr (sokneprest) Arvid Hareland Inger Vassel Myrstad Edel Østrem Else Fredheim Hodne
Vara medlemmer:	Pauline Braut (1.vara)
Andre:	Karsten W. Degnes (kateket), siste del av møtet.
Diverse merknader	Ikkje til stades: Jan Arild Anda Svein Olav Nesse Ingunn D Aandal – sekretær

### **Sak 60/15 Godkjenning av saksliste og innkalling**

**Vedtak:** *Saksliste og innkalling vert godkjent.*

### **Sak 61/15 Godkjenning av møtebok av 10.06.15**

**Vedtak:** *Møteboka av 10.06.2015 vert godkjent.*

### **Sak 62/15 Ny kyrkje - romanalyse**

Ein del moment som kom fram i diskusjonen:

- Viktig å fanga opp det som er spesielt for Klepp.
- Må få korrigert talet på innbyggjarar i Klepp og få inn tal på dei som høyrer til Klepp sokn.
- Frøyland og Orstad kyrkje er nemnt som om det er ei Klepp kyrkje, må presisera at dette er ei Klepp/Time kyrkje.
- Ikkje ynskjeleg at kyrkjeverje har kontor i kyrkja.
- Ikkje open løysing i kontordelen.
- Viktig at flest mogleg rom har eit fleksibelt bruksområde.
- Reingjering av kalkar skal ikkje gjerast på kjøkkenet (sakristiet?)
- Truleg ikkje fornuftig å ha stort kjøkken, det er strenge reglar for kven som kan betena eit slik kjøkken. Mest sannsynleg at ein bestillar inn mat til store arrangement, då treng ein eit kjøkken med utstyr til å dekkja bord, ta inn maten og vaska opp, koka kaffi og liknande.
- Treng me eit eige kafé område?

### **Sak 63/15 Kyrkjeval**

Det er god kontroll på førebuingane til valet. Ein manglar berre ein valfunksjonær.

Ansvarlege i kyrkjeval lokala:

- Klepp: Ivar Slettebø
- Engelsvoll: Maria Friestad Bergseth Sikkeland
- Kåsen: Arvid Hareland.

Desse tar og ansvar for tilrigging i val lokala.

**Vedtak:**

*Det vert ikkje førehandsstemming på UF.*

### **Sak 64/15 Klepp24**

Kyrkja skal ha stand inne i det store teltet. Sokneråds leiaren organiserer stand og skaffar folk til laurdag og sundag.

### **Sak 65/15 Rekneskapsrapport per 30.06.2015**

Overføring til Fellesrådet til dekning av lønnsutgifter er kome på etterskot.

Givartenesta går bra og er meste på budsjett.

**Vedtak:**

*Rekneskapsrapport per 30.06.2015 tas til orientering.*

### **Sak 66/15 Kateketen orienterer**

Kateketen orienterte om opplegget framover.

**Sak 67/15    Ymse**

Soknerådsleiaren har vore med på eit stabsmøte. Positivt å få møte staben slik og det er med på å forbetre kommunikasjonen mellom stab og sokneråd. Ein har planar om eit fellesmøte med stab og nytt sokneråd i januar.

Ref Arvid Hareland